

Reglar og Retningslinjer for BIL Fotball.

Vedteke på styremøte 29.01.2018.

Barneavdelinga (6-12 år):

Seriekampar:

Desse utgiftene vert dekket av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort).
- Bompengar.
- Dommarutgifter: Kr. 100,- pr. kamp. Treinar / lagleiar skaffar dommar, og legg ut for dette. Utgiftene skal først opp på skjema for "Domarreknig", som ein finn under "Skjema" på heimesida vår. Dommarutgifter for 12 års laga: 200,- pr. kamp

Det vert ikkje dekket km. godtgjersle til kampar i barneavdelinga. Kjøring må fordelast på foreldra.

Deltaking i Cupar – Dekking av utgifter:

Deltakaravgifta pr. lag på Rema Cup vert dekket av klubben.

Alle utgifter til deltaking i cupar må dekkast av laget.

Ungdomsavdinga (13-16 år):

Seriekampar:

Desse utgiftene vert dekket av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort)
- Bompengar
- Dommarutgifter, i.h.h.t. gjeldande satsar i NFF Hordaland (p.t. 400,- pr kamp).

Det vert ikkje dekket km. godtgjersle. Kjøring må fordelast på foreldre.

Treningskampar:

Utgifter utanom dommarutgifter til treningskampar vert ikkje dekket av klubben.

Deltaking i cupar – Dekking av utgifter:

Klubben dekket påmeldingsavgift til laga som deltek i Norway Cup, Telenor Cup og Adidas Cup.

Utover dette må laga dekket alle utgifter ved cupdeltaking.

Junioravdelinga (17-19 år):

Seriekampar:

Desse utgiftene vert dekket av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort)
- Bompengar
- Dommarutgifter.
- Oppmodar om leige av minibuss, med eigenandel på max 150,- pr. spelar pr. kamp. Overskytande vert dekket av fotballgruppa.

Det vert ikkje dekket km. godtgjersle. Kjøring må fordelast på foreldre om ein vel å ikkje leiga minibuss.

Treningskampar:

Utgifter utanom dommarutgifter til treningskampar vert ikkje dekkja av klubben.

Deltaking i cupar – Dekking av utgifter:

Klubben dekker påmeldingsavgift til laga som deltek i Norway Cup.

Utover dette må laga dekkja alle utgifter ved cupdeltaking.

Senioravdelinga (A-lag):**Seriekampar:**

Desse utgiftene vert dekkja av klubben:

- Ferjekostnader ved bruk av klubben sine verdikort (eller eige rabattkort)
- Bompengar
- Dommarutgifter.
- Minibuss

Treningskampar:

Utgifter utanom dommarutgifter til treningskampar vert ikkje dekkja av klubben.

Deltaking i cupar – Dekking av utgifter:

Etter godkjenning i Fotballstyret.

Bompengar:

Fotballgruppa kompenserar full pris på utgifter til bom.

Lærekjøring til/ frå kampar/ arrangement i BIL sin regi:

Fotballstyret presiserer at det ikkje er lov å lærekjøra til/ frå kampar eller arrangement i BIL sin regi, med andre spelarar i bilen!

Leige av minibuss – Retningslinjer:

- Dei laga som vil leiga minibuss, organiserer og administrerer dette sjølv.
- Eigenandel pr. person er veiledande 150,- kr, men totalprisen må delast ut på kvar spelar. Dette gjeld laga i ungdomsavdelinga.
- Styret i fotballgruppa oppmodar om at minibuss berre vert brukt på lengre turar. Dersom ledig plass i bussen, er det flott om ein tek med/ sel plassar til f.eks. foreldre/ ekstra heilagjeng.
- Klubben betalar ferjeutgifter og bom-pengar, som ved bruk av privatbilar.

Bremnes IL har avtale om leige av buss med Bremnes Taxi 53426000 og Åsmund/Arild Selle, aaselle@online.no, eller telefon 90153531. Me leiger minibuss frå Bremnes Taxi eller Åsmund/ Arild Selle. Dette gjeld og A-laga.

Etter kamp/ trening:

Kvart lag er ansvarleg for å rydda bane/ tribune etter seg. Garderobar skal feiast/ ryddast.

Dette skal og gjerast i garderobe for gjestande lag. På bortekampar skal garderobe ryddast før avreise.

Bremnes skal vera ein klubb som det er hyggeleg å ha på besøk!

Tribune: Dette er ikkje garderobe. Bruk garderobane i hallen.

Flytting av kampar: Ved flytting av kampar må ein sjekka ledig banekapasitet og senda inn flytteskjema elektronisk til Hordaland eller Rogaland Fotballkrets. Flytteskjema finn ein på heimesida.

Skader: Eigendelar ved legebesøk etter skader i kamp/ trening må dekkast av den enkelte. Ved alvorlig skade har me lisensforsikring som skal nyttast. Skadeskjema skal då snarast fyllast ut av føresette elektronisk. Slikt skjema finn ein på heimesida.

Landslag/ Krets:

Klubben dekker reise til samlingar i regi av krets og forbund: Reisekostnader på rimeligaste måte.

Det vert ikkje dekka utgifter i samband med samlingar utover dette. Ferjekort kan lånast hos administrasjonen. Kilometergodtgjersle vert dekka.

NB! Det vert ikkje dekka reiseutgifter for spelarar busette på Bømlo i samband med trening og kampar.

Bremnes leverer ut klede til spelarane, som skal nyttast på samlingar der ein representerer Bremnes Idrettslag.

Det vert sent ut eigen informasjon til aktuelle spelarar i BIL saman med uttak.

Innkjøp:

Alle innkjøp til Fotball vert gjort av administrasjonen eller etter utlevert rekvisisjon. Alle innkjøp utanom vanlig forbruksmateriell som ballar, is, tape m.m. skal godkjennast av Fotballstyret.

Diverse informasjon – utstyr:

- Alle som er med som trenar/ leiar i Bremnes IL må vera medlem og betala medlemskontingent.
- Ved framvising av medlemskort, får ein rabatt på kjøp hos Intersport.
- Alle som er med som trenar/ leiar i Bremnes IL må ha vist gyldig politiattest.
- Som trenar/ leiar i Bremnes IL pliktar du å fylgja sportsplanen til klubben.
- Kwart lag får utlevert 1 sett drakter før sesongstart. Draktene skal leverast inn samla etter at sesongen er avslutta . Draktene må vera vaska og tørka.
- Alle trenarar/ leiarar får kjøpa rabattert klespakke hos Intersport
- Alle trenarar i senioravdelinga skal få og bruka klubbgenser/ jakke med same reklame som laget dei trenar. Dei skal også ha Coachjakke.
- Alle trenarar/ leiarar på lag i ungdomsavdelinga, skal ha klubbgenser/ jakke som skal brukast under kampavvikling. Klubbgenser/ jakke utlevert etter behov. Coachjakke kan kjøpast til ein rabatt på 50 % av ordinær utsalpris.
- Alle trenarar/ leiarar i barneavdelinga kan få kjøpa klubbgenser/ jakke og Coachjakke til 50 % av ordinær utsalpris til eget bruk.
- Krinskontaktar, medlemmar i sportsleg utval samt styremedlemmar får klubbgenser/ jakke og ei Coachjakke.
- Alle som får eller kjøper klubbgenser/ jakke/ Coachjakke til redusert pris må vera engasjert i laget i 2 år.
- Alle spelarar som blir teken ut på kretslag/ landslag skal bruka klubbgenser/ jakke når dei representerer laget. Dei som ikkje har klubbgenser/ jakke, får dette utlevert på klubbkontoret.

Dugnad:

Sjå eige dugnadsreglement på heimesida.